



Stiftinga har også gjeve gåve til opprusting av kjøkenet der leiar Rigmor Rasmussen her står saman med Åsmund Kåre Rørvik, Svein Arne Eidsvik og Jorunn Nordtveit frå Stiftinga

For fyrste gongen har Sparebank 1-stiftinga vore invitert til blautkakeleg av ein dei har delt ut gåve til. Det skjodde i kveld og det var ungdomslaget som inviterte som ein takk for tildeling av 60 000 kroner til nye bord og stolar i spisesal og festsal i Helgheim. Stiftinga har også tildelt ungdomslaget 2 summar før og då til nytt kjøken og opprusting av sanitæranlegget. Dagleg leiar Åsmund Kåre Rørvik kunne opplysa under samkoma at det samla er delt ut 6 millionar i år og han utelukkar ikkje at det vert summen også neste år. Sidan 2011 har stiftinga fordelt 16,5 millionar til ulike gode føremål.

Rørvik konstaterte at søknadane ofte vert betre etter kvart som tida går og at det difor gjerne er klokt å freista att sjølv om ein ikkje når opp i fyrste omgang. I år vart det søkt om 7 millionar og dagleg leiar konstaterte at det er ein utruleg satsing på frivillig arbeid i Kvinnherad.

Ungdomslaget har vore under permanent opprusting gjennom ei årrekke no og prosessen er framleis ikkje ferdig. Det står att måling av festsalen, men leiinga er sterkt i tvil om val av farge. Imidlertid er det ynskjeleg at det vert ein ljosare sal. Den brune og raude målinga er i mørkaste laget, tykkjer styret.

Det møtte 3 representanter frå Stiftinga - styreleiar Svein Arne Eidsvik, dagleg leiar Åsmund Kåre Rørvik og styremedlem Jorunn Nordtveit. Dei var imponert over den opprustinga av det tradisjonsrike lokalet som har funne stad i dei seinare åra. Det gjeld ikkje minst kjøkenet og toalettane. Eit lagerrom har vorte aktivitetsrom for dei unge. Ifjor vart Helgheim måla også utvendig.

Dei gåvene ungdomslaget har fått før av Stiftinga var 75 000 til sanitæranlegg i 2012 og 100 000 til sanitæranlegg og kjøken i fjor - altså har laget fått tilsaman 235 000 kroner frå denne

kjelda som betyr mykje for mange lag og organisasjonar i kommunen vår og nabokommunane..

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Blautkakelaget med Svein Arne Eidsvik og Åsmund Kåre Rørvik til venstre